



– Kan vi styre avdråttsnivå og forma på mjølkekurva?

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE Rådgiving og Medlem

Torstein H. Garmo, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU

Margrete Eknæs, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU

Knut Hove, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU

Harald Volden, TINE Rådgiving og Medlem

Sammendrag

Et nytt feltforsøk er i gang. Åtte geitebuskappar med til saman 1.100 geiter testar ulike strategiar for opptrapping av kraftfôr før og etter kjeing.

Publisert

2015

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2015

Utskriftsdato

22.07.2019 www.fag.nsg.no

– Kan vi styre avdråttsnivå og forma på mjølkekurva?

Et nytt feltforsøk er i gang. Åtte geitebuskapar med til saman 1.100 geiter testar ulike strategiar for opptrapping av kraftfôr før og etter kjeing.

Forsøket blir gjennomført i regi av prosjektet «Produksjon av geitemjolk med høy kvalitet ved økt bruk av norske fôrmidler og forbedret fôrutnyttelse» Målsetjinga er å utvikle fôringsstrategiar for å påverke laktasjonskurve, mjølkeavdrått, mjølke-kvalitet og vomfunksjon.

Fôringsstrategiar for styring av avdrått

Optimalt avdråttsnivå i ein geiteflokk vil variere frå bruk til bruk. Kvotestorleik, grovfôrareal, grovfôrkvalitet, beitetilhøve og driftsbygning er faktorar som er avgjerande for om produsentar skal leggje opp til høg eller meir moderat avdrått hjå geitene.

Føring i perioden omkring kjeing er svært viktig for ein vellukka laktasjon. Føropptaket til geitene har eit naturleg fall i vekene omkring kjeing. Å sikre eit godt vommiljø i denne tida er avgjerande for å unngå problem med sur vom og påfølgjande negative konsekvensar for produksjonen.

Etter kjeing må ein auke kraftfôrmengda gradvis etter som energitrongen aukar. Ein for rask opptrapping kan ofte føre til dårleg vommiljø. På den andre sida kan sein opptrapping gje stort energiunderskot og høg grad av feittmobilisering.

I feltforsøket er målet å teste fôringsstrategiar for kraftfôr, før og etter kjeing, som kan påverke avdrått-

nivå og mjølkekurve. Ein vellukka fôringsstrategi må også sikre mjølke-kvaliteten og god vomfunksjon hjå geitene.

Forsøksspørsmål som ein ynskjer å få svar på:

- Vil langsam opptrapping av kraftfôr i tidleg laktasjon gje betre vommiljø enn rask opptrapping?
- Korleis påverkar opptrappings-hastigheita rundt kjeing forma på laktasjonskurven? Vil langsam opptrapping gje ein flatare mjølkekurve med meir moderat yting i topplaktasjonen enn rask opptrapping?
- Vil rask opptrapping av kraftfôr i tidleg laktasjon gje høgare årsavdrått enn langsam opptrapping?
- Vil langsam opptrapping av kraftfôr tidleg i laktasjonsperioden gje høgare innhald av feitt og protein i mjølka enn rask opptrapping?

Forsøksbuskapane har ulike ynskjer om avdråttsnivå

Buskapane i feltforsøket fylgjer ulike planar for opptrapping av kraftfôrnivå før kjeing ut frå kor høg avdrått dei ynskjer.

I feltforsøket varierer produsentane sine avdråttsmål frå under 700 til over 900 kg for vaksne geiter og frå 500 til 800 kg for fyrstelaktasjonsgeiter. Åringane mjølkar ca. 80% av det dei vaksne gjer.

Opptrapping av kraftfôr etter kjeing

Kraftfôrmengda som geitene skal opp i etter kjeing vert bestemt ut frå ønskje om avdråttsnivå for høvesvis åringar og vaksne geiter, kvaliteten på grovføret og rasjonsoptimering ved bruk av TINE Fôrplan Geit.

Vi testar to opptrappingsstrategiar for kraftfôr i kvar buskap. Både fyrstelaktasjonsgeiter og eldre geiter blir delt

Tabell 1. Tiltrådde kraftfôrmengder (kg/dag) til vaksne geiter siste 3 veker før venta kjeing.

	3 veker før	2 veker før	1 veke før
Ønskt yting:			
< 700 kg	0,4	0,4	0,5
700-800 kg	0,5	0,5	0,6
800-900 kg	0,5	0,6	0,7
> 900 kg	0,6	0,7	0,8

Tabell 2. Tiltrådde kraftfôrmengder (kg/dag) til åringar siste 3 veker før venta kjeing.

	3 veker før	2 veker før	1 veke før
Ønskt yting:			
500-600 kg	0,4	0,4	0,4
600-700 kg	0,4	0,4	0,5
700-800 kg	0,5	0,6	0,6
> 800 kg	0,5	0,6	0,7

i to grupper med ulik opptrappingshastighet for kraftfôr:

- Rask opptrapping: Kraftfôrmengda vert trappa opp frå nivået ved kjeing til maksimal mengde i løpet av ca. 20 dagar.
- Langsam opptrapping: Kraftfôrmengda vert trappa opp frå nivået ved kjeing til maksimal mengde i løpet av ca. 40 dagar.

Registreringar og analyser

I feltforsøket er det lagt opp til svært omfattande registrerings- og analysearbeid:

• *Dyreveging*

Veging av geitene kort tid etter kjeing og rundt laktasjonsdag 90 gjev oss eit bilde av haldmobilisering og av energidekninga i fyrste del av laktasjonen.

• *Gjødselkonsistens*

Gjødselkonsistensen seier mykje om vommiljøet. Forsøksvertane vurderer gjødselkonsistensen jamnleg og registrerer avvikande tilstander og skilnader mellom gruppene i forsøket. Svarte, faste, litt glinsande perler indikerer god vomfunksjon.

Med avvikande tilstander meiner vi lort som kleber seg saman, svært klebete lort utan perleform der ein ser umelta fôrpartiklar og tydeleg blaut og flytande avføring. Blodtilblanda laus avføring indikerer pulpanyre/enterotoxemi.

• *Avdråttkontroll og mjølkeanalyser*

Vi registrerer dagsavdrått for kvar geit, minimum kvar veke i dei fyrste tre månadane av laktasjonen. Frå laktasjonsdag 90 til beiteslepp registrerer vi mjølkemengde kvar 3. veke og i løpet av beiteperioden to gonger. Etter innsett om hausten registrerer vi mjølkemengde ein til to gonger, avhengig av avsinningstidspunkt.



Kai Valbjør og avløyser Silje Øyen legg geitene inn i ulike forsøksgrupper i fôringsprogrammet.

Halvdelen av buskapane som deltar i forsøket har elektroniske mjølkemålarar og identifisering av geitene i mjølkestallen, slik at vi får daglege mjølkeregistreringar på enkeltgeiter gjennom heile laktasjonen.

Vi tek ut individuelle prøver av alle forsøksgeitene ein gong pr. månad for analyse av fett, protein, laktose, celletall, urea og frie fett-syrer. Desse analysane gjev verdifull informasjon om mjølke kvaliteten i forsøksperioden og i tillegg gjev dei eit godt grunnlag for berekning av energikorrigert mjølk (EKM).

Betre helse og endra genprofil kan ha innverknad på fôrutnyttinga

Norske geiter er no frie for dei kroniske infeksjonssjukdommane byllesjuke,

paratuberkolose og CAE. I fleire år har vi lagt vekt på avlsarbeid som har endra genprofilen i geitepopulasjonen. Resultatet er høgare avdrått og høgare tørrstoffinnhald i mjølka. Eit viktig spørsmål er om betre helse og endra genprofil gjev meir effektiv utnytting av energi og protein og dermed også påverkar geita sitt krav til energi- og protein i fôret. Feltforsøket bidrar også med forsøksdata som skal nyttast til å revidere og eventuelt justere fôrnormene for mjølkegeit.

Av Helga Kvamsås ¹⁾,
Torstein H. Garmo ²⁾,
Margrete Eknæs ²⁾,
Knut Hove ²⁾ og
Harald Volden ¹⁾

1) TINE Rådgiving og Medlem
2) Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, NMBU



Geitene til Kai har rikeleg tilgang på godt grovfôr.

SPINNVILT

rokker, spinneutstyr,
kardemaskiner, kammer m.m.
SPINNEKURS.

www.spinnvilt.no